

Møtereferat

Møte: Møte AU Midt
Tid/Sted: Måndag 04.11.19 kl 16 – kl 19.30 på Scandic Hell, Værnes
Tilstede: Ragnar Valstad, Johan Kristian Daling, Sverre Tyldum, Bård Tore Berntsen, Olav Håkon Ulfsnes, Roy Albertsen og Silje Laugsand Pynten.
Forfall: Borgny Grande og Kolbjørn Frøseth
Kopi til: Vara AU Midt, leiargruppa region Midt og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 04.11.2019

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Orientering frå Mattilsynet Bjørn Røthe Knudtsen orienterte om strategiplan fram til 2025 med 3 hovudfokus: Enklare å gjere rett, kunnskapsbasert og målretta, og eitt lag. Langsiktig arbeid med store investeringar i teknologi, metoder og kompetanse. Omdømmeundersøking stadfestar tillitskrise. Hovudprioriteringar. Statsbudsjettet krev svært strenge prioriteringar. Føresetnader for å lukkast er å ta styring på eiga utvikling. Dei største identifiserte utfordringane innan dyrevelferd svin. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">Semje om behov for samarbeid og dialog for oppfølging, særleg for Mædi, men også generelt i arbeidet med dyrevelferd. Vedtak: AU Midt tek orienteringa til orientering.	
2	Orientering frå styret Olav Håkon orienterte m.a. om at løyvingane til organisasjonane som finansierast gjennom Norsk Landbrukssamvirke er under press, utfordring med leveringskapasitet pga innfrysing og tining, Mjøskylling og Mjøskjøtt med lokalt fôr, Noridane og budsjett for Matprat. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">Smågrissituasjonen: Har for mykje smågris i forhold til slaktegris plassar, behov for 30 000 slaktegris plassar.Behov for eit møte med Bondelaget, Innovasjon og Norsvin for diskusjon om korleis vi kan etablere slaktegris plassar i Midt-Norge.Kyllingprodusentane har fått førespurnad om utbygging, med nærheit til anlegg som eit av kriteria. Vedtak: AU Midt tek orienteringa til orientering. Lars Morten og Sverre tek initiativ til møte med Bondelaget, Innovasjon og Norsvin for diskusjon om korleis vi kan etablere slaktegris plassar i Midt-Norge	Lars Morten/ Sverre
3	Orientering frå konsernråd Lars Morten og Ragnar orienterte om at resultat var presentert, ny konsernsjef, tema inntransport, samt diskusjon om oppfølging av leveringsplikta. Vedtak: AU Midt tek orienteringa til orientering.	
4	Status inntransportprosjektet Roy orienterte om at det er valgt underleverandørar til Notra, innan fristen. Info skulle ut	

fredag, men vart stoppa torsdag ettermiddag.

Lars Morten orienterte om at det er skrive intensjonsavtalar. Info prosessen vart stoppa av styreleiar. Det har kome forslag frå nokre kretsar om å stoppe prosessen.

Spørsmål/kommentarar:

- Påstandar om at underleverandørar ikkje har vore førespurt på pris.
- Får spørsmål om både detaljar og basisinfo, prosessen tatt for lang tid, med utfordring med kommunikasjon.
- Viktig at alle transportselskapa har hatt like mogelegheiter og vilkår.
- AU vil fremme eit forslag, der RU-møtet føreset at styreleiar og konsernleiing sør gar for at inntransportprosjektet skjer på ein slik måte som gjev tillit til prosessen, og om nødvendig vurdere ein annan modell.

Vedtak: AU Midt tek orienteringa til orientering. Lars Morten jobbar saman med AU fram eit forslag til vedtak til RU-møtet.

5 **Orientering frå Medlem region Midt**

Roy orienterte om marknadsandelsnedgang på storfe, særleg på kjøtfe. Fortsatt uro på klassifisering. 7-vekers avtalen er diskutert, vert evaluert. Dyrevelferdsprogram. KLARA. Småfe: Arbeid med Mædi, slakting av halalsau på Malvik, god slaktekvalitet, nedgang i marknadsandel. Gris: Dyrevelferd, smågrisoverskot, marknadsandelsnedgang. Kylling: Godt sal, kundestyrt, dyrevelferd. Egg: Pakkeria over på SAP, gått bra, styrer mot marknadsbalanse.

Spørsmål/kommentarar:

- For ein måned sidan import av storfe, rimar ikkje når det ville bli overskot når dyra skulle inn frå beite. Kunne utnytta 7-vekers avtalen med tidlegare slakting?
- Kvifor import av småfe, som Norgesgruppen til offshoremarknaden? Skulle vore informert meir om.

Vedtak: AU Midt tek orienteringa til orientering.

6 **Høyringssak: Effektiv og rasjonell samhandling bonde ¶ Nortura**

Innspela frå kretsane var utsendt. Lars Morten føreslo gjennomgang med debatt, og så sende samla innspel til styret. Alternativet er at AU fremmar eit konkret forslag. Saknar innspel på bruk av teknologi for effektiv varestrøm.

Innspel/kommentarar:

- Lammeringane har potensiale for effektivitet med teknologi.
- Det same har livdyrformidlinga.
- Utfordre RU-møtet på om det er innspel vi skal legge vekt på, samt korleis jobbe vidare med temaet.

Vedtak: AU Midt tek orienteringa til orientering.

7 **Førebuing av RU-møtet**

Brit Kari gjekk gjennom køyreplanen. Dei separate møta for dyreslaga vart diskutert.

Innspel/kommentarar:

- Borgny og Kolbjørn har forfall. Olav Håkon tek ansvar for storfegruppa, medan Lars Morten tek ansvar for egg.

Vedtak: AU Midt tek orienteringa til orientering.

8 **Orientering frå fagutvala og ansvarsretsane**

Saka gjekk ut.

9 **Eventuelt**

- Innspel frå Leka Bondelag vedk inntransport: Sverre har avtalt at han skal delta

- på eit info møte.
- Innspel frå kretsen Midt: Reknar med at kretsen tek opp sakene undervegs i RU-møtet, vert svart ut då.